

KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG FYSISK AKTIVITET

2022-2026

Fjaler kommune

1. FORORD:

Verdien av idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er godt dokumentert, som gode verkemiddel i helsefremjande og førebyggjande arbeid. Regelmessig fysisk aktivitet fremjar livskvalitet og helse, gjev dokumentert positiv helseeffekt og reduserer risikoen for utvikling av ei rekke helseplager. Arenaer for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet representerer også viktige sosiale møteplassar og stimulerer til ein positiv livsstil.

I Fjaler kommune er dette forankra i samfunnssdelen av kommuneplanen. Fjaler kommune meiner at ein får eit godt liv i ein kommune som er godt tilrettelagt for at innbuarane kan driva idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet ut frå eigne ynskje, behov og føresetnader.

Fysisk aktivitet er særleg viktig for barn sine motoriske ferdigheter – og gjennom staten sine føringer har vi eit særleg ansvar for gruppene barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år). Når det gjeld ungdom er det eit mål å utvikle anlegg som tilfredsstiller ungdomen sin trøng for utfordringar og variasjon. Ungdom må gjevast høve til å medverke i utforminga av anlegg. At ungdommen blir myndiggjort i ein slik prosess er eit viktig element innan helsefremjande arbeid.

Det offentlege har eit særskilt ansvar for å utvikle tilbod til ulike grupper som av ulike årsaker fell utanfor etablerte ordningar, eller som treng spesiell tilrettelegging.

2. SAMANDRAG:

Fysisk aktivitet er ei kjelde til helse og livskvalitet, nødvendig for normal vekst og utvikling hos barn og unge og viktig for å oppretthalde god funksjonsevne gjennom heile livet.

Gjennom denne planen ynskjer vi å få fram politiske målsettingar innanfor området idrett og fysisk aktivitet i Fjaler. Det er freista å laga eit dokument som er realistisk og mogeleg å gjennomføre i den neste perioden. Vi har laga fire hovudmål og knytt tiltak til desse. Det er i hovudsak kulturkontoret og folkehelsekoordinator som er ansvarleg for å følgje dette opp. Det er viktig at tiltak i denne planen vert følgt opp med midlar gjennom drift og investering. Dette vert det kulturleiar som skal følgje opp.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er også eit måldokument for korleis ein vil at utbygging av anlegg skal vera dei neste fem åra.

3. INNHALDSLISTERE

Innhold

| | |
|---|----|
| Fjaler kommune..... | 0 |
| 1. FORORD: | 1 |
| 2. SAMANDRAG: | 1 |
| 3. INNHALDSLISTERE..... | 2 |
| 4. INNLEIING OG BAKGRUNN FOR PLANEN..... | 3 |
| 5. RAMMER OG OVERORDNA FØRINGAR FOR PLANEN..... | 3 |
| 6. UTVIKLINGSTREKK I KOMMUNEN (kommuneplanen sin samfunnsdel) | 5 |
| 7. GENRELLE UTVILINGSTREKK I SAMFUNNET OG FJALER | 6 |
| 8. RESULTATVURDERING AV FØRRE PLAN | 8 |
| 9. KOMMUNEN SIN IDRETT OG FRILUFTSPOLITIKK..... | 12 |
| 10. MILJØVURDERING: | 16 |
| 11. FORHOLD TIL ANDRE DELER AV KOMMUNEPLANEN | 20 |
| 12. PLANPROSESSEN | 20 |
| 13. SKILDRING AV NOSITUASJONEN FOR KOMMUNEN | 20 |
| 14. VURDERING AV AKTIVITET OG FRAMTIDIGE BEHOV..... | 23 |
| 15. HANDLINGSPROGRAM FOR ANLEGG OG PLANLAGT GJENNOMFØRING..... | 24 |
| 16. LANGSIKTIG DEL..... | 24 |

4. INNLEIING OG BAKGRUNN FOR PLANEN

Kvifor lagar vi ein plan:

- Få fram politiske målsettingar innanfor området idrett og fysisk aktivitet
- Få ei reell vurdering av kva vi treng av anlegg og område for idrett fysisk aktivitet og friluftsliv og rehabilitering av desse.
- Vurdera kven av desse anlegga som bør prioriterast frå kommunen si side når det gjeld spelemedilar.
- Vere til hjelp for organisasjonane si planlegging og prioritering.
- Sikre ei plan- og målstyrd utbygging og rehabilitering av anlegg og tilrettelegging av område for idrett og friluftsliv.
- Styrke grunnlaget for finansiering av utbyggingskostnader.
- Vere grunnlag for budsjett- og økonomiplanarbeidet i kommunen – både administrativt og politisk.
- Utvikle gode opplegg for drift og vedlikehald.
- Få fram grunnlag for planlegging i fylkeskommunen.

5. RAMMER OG OVERORDNA FØRINGAR FOR PLANEN

Rammene for kommunedelplanen kjem frå ulike nivå. På nasjonalt nivå gjeld statlege lover, forskrifter, samt føringar frå rundskriv, nasjonalpolitiske retningslinjer og stortingsmeldingar mv. Det er også utarbeidd ein rettleiar for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet(1).

Statlege føringar for dette planarbeidet skal synleggjere dei overordna rammene Innan idrettspolitikk, folkehelse, arealavsetting og tilrettelegging for fysisk aktivitet i kommunal sektor.

Ansvaret for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er delt på fleire departement:

- Kulturdepartementet–idrett
- Klima-og miljødepartementet–friluftsliv
- Helse-og omsorgsdepartementet–helsefremjande og førebyggjande arbeid
- Kunnskapsdepartementet–aktivitet i skulen

Grunngjevinga for ein statleg medverknad og støtteordningar til idrettsføremål er knytt til eigen-og nytteverdien av idrett og fysisk aktivitet, der nytteverdien særskild er knytt til førebyggjande helsearbeid.

Regionale planverk og styringsdokument set også føringar for dette planarbeidet.

I tillegg har kommunen sjølv eigne mål og strategiar som er forankra i ulike planverk.

Vestland fylkeskommune har starta arbeidet med ein Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv» som skal vedtakast hausten 2022. Vi veit lite om kva som kjem i denne planen som kan ha føringar for idretten i Fjaler kommune då vi enno ikkje har fått det på høyring.

DEFINISJONAR:

Fysisk aktivitet:

Fysisk aktivitet er å rekne som all form for rørsle utført av skjelettmuskulatur, som medfører energibruk utover kvilennivå. Fysisk aktivitet er eit overordna omgrep i denne planen. I dette omgrepet ligg også organisert og eigenorganisert friluftsliv og idrett.

Idrett:

Aktivitet i form av mosjon, trening og konkurranse i den organiserte idretten som og legg til rette for eigenorganisert aktivitet.

Friluftsliv:

Kan vera både organisert og eigenorganisert aktivitet. Opphold og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevelingar.

Folkehelse:

Folkehelsearbeid er omtala i folkehelsemeldinga som «samfunnet sin samla innsats for å svekke det som medfører helserisiko og styrke det som bidreg til betre folkehelse».

Folkehelse er ikkje omtala i planen med spesifikke handlingar eller strategiar, men som viktige perspektiv og grunngjevingar for dei prioriteringar som skal skje i høve dei andre områda.

Andre omgrep som er brukt i planen som det er viktig å gje omgrevsavklaring på er:

Helsefremjing:

Å skape ressursar for helse, gjennom bl.a. å stimulere individuelle, sosiale og politiske handlingar (derunder strukturelle grep)

Førebygging:

Å hindre at sjukdom oppstår og utviklast, samt redusere risiko for skade eller død.

Idrettsanlegg:

I spelemiddelfordelinga opererer departementet med fylgjande klassifisering av anlegg:

Nærmiljøanlegg – anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg knytt til bu eller opphaltsområde. Skal ikkje utformast for å dekke behovet for anlegg for organisert idrettsleg aktivitet.

Ordinære anlegg – er knytt opp til konkurranse- og treningsverksemد for den organiserte idretten.

Friluftsområde og friområde: Fellesnemning på grøne område som er tilgjengelege for allmenta si frie ferdsle.

6. UTVIKLINGSTREKK I KOMMUNEN (kommuneplanen sin samfunnsdel)

Kommuneplanen sin samfunnsdel gjeld frå 2014-2025.

Fjaler er ein kystkommune på sørssida av Dalsfjorden i sørvestre delen av Sogn og Fjordane. Kommunen er relativt liten i folketal med 2799 innbyggjarar (årsslutt 2020) Folketalet har dei siste åra ein svak tilbakegang frå 2846 i 2010 til 2799 i 2020.

Tabell siste 10 åra med alderssamansetjing:

| Alder | Personer | | | | | | | | | | | | Endring 2010- 2020 |
|-------------------|----------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|-----|--------------------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | | |
| 0 år | 22 | 38 | 28 | 37 | 29 | 13 | 19 | 25 | 27 | 21 | 25 | 3 | |
| 1-5 år | 142 | 137 | 149 | 154 | 181 | 182 | 171 | 155 | 150 | 135 | 134 | -8 | |
| 6-12 år | 211 | 214 | 230 | 237 | 241 | 233 | 242 | 253 | 251 | 259 | 261 | 50 | |
| 13-15 år | 109 | 106 | 100 | 86 | 71 | 88 | 90 | 111 | 108 | 116 | 111 | 2 | |
| 16-19 år | 315 | 310 | 283 | 301 | 278 | 251 | 261 | 253 | 241 | 234 | 248 | -67 | |
| 20-44 år | 769 | 824 | 752 | 763 | 763 | 766 | 752 | 780 | 767 | 728 | 721 | -48 | |
| 45-66 år | 775 | 770 | 773 | 777 | 761 | 763 | 746 | 744 | 748 | 726 | 729 | -46 | |
| 67-79 år | 313 | 320 | 327 | 336 | 344 | 351 | 369 | 369 | 386 | 397 | 408 | 95 | |
| 80-89 år | 155 | 155 | 157 | 144 | 152 | 150 | 146 | 139 | 135 | 130 | 140 | -15 | |
| 90 år eller eldre | 35 | 35 | 33 | 36 | 33 | 26 | 34 | 33 | 33 | 24 | 25 | -10 | |

Eit rikt organisasjonsliv med allsidige kultur-og fritidstilbod, gode skular og barnehagar, og flott natur, gjer Fjaler til ein god og trygg stad å bu og vekse opp i. Samstundes har Fjaler lange tradisjonar for å opne seg mot omverda og ta i mot nye menneske og kulturar. Røde Kors Nordisk United World College, Nordisk kunstnarsenter og europeisk utvekslingsprogram for ungdom (volontørar) gjev Fjaler ein internasjonal dimensjon som få andre kommunar av same storleik kan vise til.

På grunn av institusjonsdrift på slutten av 1980-talet, er Fjaler blant dei kommunane i Noreg med flest psykisk utviklingshemma i forhold til folketalet. Desse har nokon tilrettelagte tilbod, som for eksempel handball som er eit samarbeid mellom Dale IL og kommunen, bading i terapibasseng og fotball i samarbeid med UWC. Mange av desse er flinke til å sykle og gå til og frå arbeid og fritidsaktivitetar. Den nye turvegen langs Storelva i Dale frå Svehogen til Jarstadbrua har fått ei plassering som passar mange av bufellesskapa og som gjev ein turveg som nesten er universelt tilgjengeleg i nærområdet – og er eit døme på eit tiltak som kan nyttast av denne gruppa.

Noko som skil Fjaler frå andre små utkantkommunar er at Fjaler er ein skulekommune med ein fylkeskommunal vidaregåande skule, samt United World College i Flikke. Dette gjer at Fjaler har ein større del av befolkninga som er ungdommar. Mange av desse bur berre i kommunen i dei åra dei går på vidaregåande, og har ikkje familien med seg i desse åra. Dette medfører at Fjaler kommune må ha særskilt fokus på denne gruppa. God infrastruktur, transport til og frå aktivitetar og at det finnast tilrettelagte møtestader der ungdommar kan møtast for fysisk aktivitet er viktige faktorar for at ungdommar framleis er fysisk aktive.

Fjaler er heldig å ha eit rehabiliteringssenter og eit internasjonalt gymnas i kommunen. Desse er samlokalisert på Haugland i Flekke. Målet er at pasientane/elevane her og dei fastbuande kan ha gjensidige interesser og at senteret kan ha positive ringverknader for heile kommunen. Området på Haugland er godt opparbeidd med anlegg som også vert brukt av lokalbefolkinga, for eksempel to basseng og område for bading, kajakk/kano og vassport.

Ei bru over Dalsfjorden stod ferdig i desember 2013. Dette gav Fjaler ei markant enklare tilkomst til fjellområdet rundt Fossedalen som ein tidlegare måtte ha båt for å komma til. TiTur Dalsfjorden som vart starta i 2017 er med på å få fleire ut på stiar i heile kommune og i nabokommunen Askvoll.

Kommunen har eit mangfold av lag og organisasjonar som jobbar for at befolkninga skal ha ulike aktivitetar å ta i bruk. Det er viktig at dette mangfaldet av fritidsaktivitetar vert brukt til det beste for borna i kommunen – det er viktig at frivillige lag og organisasjonar samarbeider og informerer om sine aktivitetar slik at ein ikkje ender opp med å «konkurrere» om ungane.

7. GENRELLE UTVILINGSTREKK I SAMFUNNET OG FJALER


Frå Ungdataundersøkinga 2021:

Media kan av og til gje eit inntrykk av at norsk ungdom held på å forfalle fysisk. Forsking viser derimot at det er like mange som trenar i dag som det var for 20 år sidan. Dei fleste ungdommar trenar, men det er stor variasjon i kva for treningsaktivitetar dei driv med. Medan mange spelar handball, basket, fotball eller driv med annan idrett gjennom eit idrettslag, har andre treningsenteret som sin faste treningsarena. Det er òg mange unge som trenar på eiga hand, anten heilt aleine eller saman med venner.

Ungdata viser at tre av fire norske tenåringar er med i organisert idrettslag i løpet av ungdomstida, og at endå fleire har vore med som barn. Rekrutteringa til idrettslagene er høg dei fleste stader i landet, og ingen andre organiserte fritidsaktivitetar aktiviserer ein så stor del av ungdommen. Samstundes er fråfallet frå ungdomsidretten høgt. Nesten seks av ti som har vore med i ungdomsidretten, sluttar før dei blir 18 år. Ungdomstida er ei tid då mange får nye interesser, og det er naturleg at mange vel andre måtar å vere fysisk aktive på.


Fråfallet skjer nokså jamt utover i ungdomsalderen, men det er fleire som sluttar i overgangen mellom ungdomsskulen og vidaregåande enn elles. Fråfallet er større for jentene enn for gutane, og særleg er det fleire jenter som sluttar i overgangen mellom ungdomsskulen og vidaregåande. Det er òg ein sosial profil på fråfallet i ungdomsidretten. Mange fleire av dei som veks opp i mindre ressurssterke familar, sluttar i ungdomsidretten, og ein god del sluttar nokså tidleg i tenåra. Ungdom frå høgare sosial lag blir såleis verande lenger i ungdomsidretten. I mange idrettar blir det stilt store krav til utstyr og deltaking, og det kan koste ein god del å vere med. Dette kan vere ei utfordring når det gjeld å nå overordna målsetjingar om «idrettsglede for alle».

Kor ofte trenar du? Prosent i Fjaler kommune og nasjonalt



” Å trenere noko dei aller fleste driv med. Nokre ungdommar trenar svært mykje

Prosentdel som trenar minst éin gong i veka. Blant gutter og jenter på ulike klassestrinn



Samtidig har vi eit inntrykk av at befolkninga generelt er meir stillesittande med mindre kvardagsaktivitet.

UNGKAN3 er ei undersøking gjennomført av Norges idrettshøgskole.

Det er ei nasjonal kartleggingsundersøkelse av fysisk aktivitet, stillesittende tid og fysisk form blant barn og unge. 9.438 gutter og jenter på 6, 9 og 15 år frå over 100 skular over heile Norge har deltatt i undersøkingane i 2005, 2011 og 2018.

Denne undersøkinga viser:

- UngKan3 viser at ungar flest ikkje har komme nærare WHO si anbefaling om éin time moderat/hard aktivitet kvar dag sidan 2005.
- Unge vert mindre aktive med alderen. Unge gutter er mest aktive, jenter på 15 minst.
- Uansett alder er gutter meir aktive enn jenter. 6-åringane sit likevel stille ca. halve dagen.
- Hvis de unge aukar «moderat til hard» aktivitet med 10 minutt om dagen, ville 95 prosent av de 6 år gamle gutane oppfylle WHO sitt aktivitetsmål. Dei jamaldrande jentene må auke med 20 minutt for å oppnå det same. 15-åringar manglar 30 minutt dagleg på å nå målet om å vera aktiv ein time for dagen.

Ny forsking viser at det skal mindre «doser» fysisk aktivitet enn tidlegare anteke for å oppnå helsegevinst (Helsedirektoratet: Aktivitetshandboken – generelle effekter av fysisk aktivitet). Av den grunn er det viktig å gje moglegheiter for kvardagsaktivitetar for alle, anten den er organisert eller uorganisert. Ein skal bidra til å gjere sunne val lettare. Gode aktivitetsvanar som varer, tileigner vi oss i barneåra, og barn er difor ei viktig målgruppe.

I den statlege anleggspolitikken er barn (6-12 år) og ungdom (13-19) dei viktigaste målgruppe for bruk av spelemidlane, og anleggsutvikling bør i særleg grad reflektere behova til desse målgruppa. Anlegg aktiviserer ulikt. I planlegging av nærmiljøanlegg er det difor viktig å sjå på utformingar som stimulerer til variert aktivitet for å nå flest mogleg barn og ungdommar. Dette går òg fram av den statlege idrettspolitikken som peiker på at det vil vere føremålstenleg «å løfte fram anlegg med stort brukarpotensial, særlig anlegg for eigenorganisert aktivitet» (Meld. St. 26 (2011-2012)).

Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet anbefaler at barn og unge bør utøve minimum 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag, intensiteten bør vera både moderat og høg.

Minimumsanbefalinga for voksne og eldre er minst 150 minutter moderat fysisk aktivitet eller 75 minutter med høy intensitet per veke. (Kjelde: Rapport IS-2170 Anbefalinger om kosthold, ernæring og fysisk aktivitet)

8. RESULTATVURDERING AV FØRRE PLAN

Det er kulturkontoret og folkehelsekoordinator som har hatt ansvar for å følgje opp tiltaka i planperioden – men sjølvsagt i samarbeid både med andre fagområde i kommunen og med frivillige.

Førre plan hadde fire hovudmål:

Delmål 1: Motarbeide trenden om at det er sosiale forhold som inntekt og utdanning som påverkar fysisk aktivitet.

Strategi:

Samarbeide på tvers av etatane i kommunen – og mellom kommunale, private og frivillige aktørar for å fange opp dei som treng spesiell tilrettelegging.

Tiltak:

- Tilrettelegge område og aktivitetar det ikkje kostar noko å bruke t.d. nærmiljøanlegg og naturbasert friluftsliv i nærmiljøa

Evaluering: Dette er ein kontinuerleg jobb – men ein har i perioden laga klatrepark og hatt fokus på gode nærmiljøanlegg på nye Dingemoen skule (og andre skular) Ein har også hatt synfaring på alle uteområde på skulane og hatt fokus på desse.

- Opprette utstyrsentral

Evaluering: Har oppretta BUA som samarbeid mellom folkehelsekoordinator(etablering) og Frivilligsentralen (driftar)

- Etablere lågterskeltilbod som aktiv på dagtid, turgrupper. Fleire tilbod også i grasdene.

Evaluering: Fysioterapitenesta har hatt tilbod om «Aktiv på dag» både på Våge, Dale, Straumsnes og Guddal. Ein bør jobbe for å vidareføre dette tilboden. Det fins ope tilbod om turar på dagtid i regi av frivillige.

- Søkje tilgjengelege midlar til transport, treningsavgift, utstyr og andre ting som kan vera barriere for å tren.

Evaluering: Ordninga «Lokal transportordning for ungdom» vert administrert av fylkeskommunen og er også vidareført i Vestland. Fungerer godt som transport til og fra fritidsaktivitet. Faste ruter både fra Guddal og Straumsnes/Flekke til trening i Dale. Vart søkt og ein fekk midlar til transport til «Aktiv på dag» Kommunestyret gav 20 000 til støtte kontingen i 2021.

Delmål 2:

Arbeide for at ungdom mellom 13 og 25 år framleis er fysisk aktive

Strategi:

Hindre fråfall i den organiserte idretten og ha gode alternativ for dei som likevel vel å ikkje vera med

Tiltak:

- Jobbe for at denne gruppa får gratis eller rimeleg tilbod om trening/aktivitet. Opprette «leksehjelp/open skule» mellom skule og trening for dei som har lang reiseveg.

Evaluering: Freista å finne støtteordningar for dette – men har ikkje lukkast å få dette på plass. Dale idrettslag gjennomførte ein periode varm mat mellom skule og trening (for yngre ungar) Dette fungerte godt med krev at eldsjeler stiller. Dersom ein hadde vore fleire vaksenpersonar kunne dette ha vore ei god ordning på sikt.

- Jobbe for at det finnast eit mangfold av aktivitet slik at det finns alternativ dersom ein droppar ut frå den organiserte aktiviteten t.d. aktivitetskarusell der ein kan prøve ut ulike ting i løpet av året.

Evaluering: Treningsenteret som er knytt til Fjalerhallen er mykje brukt av denne målgruppa. Etableringa av dette senteret har vore ein stor suksess som møte- og aktivitetsplass. Noko av det som har sett ein stoppar for eit mangfold av aktivitetar er treningstid i Fjalerhallen. Det har vore lite rom for nye grupper og meir lågterskeltaktivitet. Då det vart bygd ny aktivitetsflate/dansesal vart det både rom for mykje meir dans i regi av kulturskulen og ein fekk karate. Ved å etablere skytehall og fotballhall i same område som resten av aktiviteten i Dingemoen – området så er ein på veg til eit mål om å samlokalisere mange typar aktivitet i same område: fotball, handball, volleyball, badminton, skyting, dans, kampsport, motorsport m.m.

Har ikkje fått aktivitetskarusell for denne gruppa.

Møteplass ungdom på Samvirket var oppe og gjekk ein liten periode før ein måtte stenge ned grunna manglande bruksløyve av huset. Kan fungere som «venteplass» for ungdom etter skulen og fram til trening når den er i drift att.

- Etablere friluftsveke for ungdom – gjerne i samarbeid med nabokommunane

Evaluering: Dette fekk vi til i 2015 med stort hell som eit samarbeid mellom Askvoll, Hyllestad og Fjaler. Har ikkje fått gjennomført i planperioden. Uwc Connect har hatt friluftsveker både for barn og ungdom som har vore betalte sommaraktivitetar. Sommaren 2021 har dette vore eit gratis tilbod til alle grunnskuleelevar grunna ekstraordinære midlar frå regjeringa knytt til covid-19.

- Etablere lågterksestilbod retta mot ungdom i Frisklivssentralen.

Evaluering: Ikkje gjennomført som gruppetilbod.

Delmål 3:

Sikre høg kvalitet og fleksibilitet på eksisterande og nye anlegg slik at ein får langsigktig og variert bruk og fleire brukargrupper

Strategi:

Tenke heilsakapleg ved etablering av nye anlegg. Etablere desse nær andre anlegg, busetnad og skule/bhg. Sikre rehabilitering av eksisterande anlegg før ein investerer i nye. Sikre brukarmedverknad ved etablering av anlegg.

Tiltak:

- Sikre jamn og god vedlikehald av kommunale anlegg gjennom å etablere faste rutiner for tilsyn.

Evaluering: Vedlikehald: Tilfeldig. Nokre stader bra andre stader mindre bra.

Tilsyn: Dingemoen idrettspark har årleg tilsyn av kunstgraset. Fast vedlikehald utanom. Fjaler kommune har ikkje på andre anlegg. Jobbar med å få det på plass.

- Sikre jamn og god vedlikehald av andre anlegg gjennom krav om plan for drift når ein skal sende inn spelemiddelsøknad

Evaluering: Det er stort sett Fjaler kommune som står som byggherre på anlegg. Det har vore unnatak siste åra både i forhold til bygging av fotballhall og treningsrom på Våge skule. Det er eit krav om dokumentasjon av drift og vedlikehald i spelemiddelsøknaden – men Fjaler kommune har ikkje gått veldig grundig i desse dokumenta.

Delmål 4:

Legge til rette for kvardagsmosjon

Strategi:

Jobbe for at folk som har mogelegheit for det går/syklar til og frå jobb, skule og fritidsaktivitetar og at folk har eit nærmiljø som er tilrettelagt for fysisk aktivitet.

Tiltak:

- Etablere samanhengande lyssette sykkel og gangvegar

Evaluering: Dette er store tiltak ofte utanfor det som kulturkontoret og folkehelsekoordinator har som ansvarsområde. Har lyssett frå Flekke sentrum til Igelkjøn-krysset. Det er også sett opp nokre punkt på Våge, Grytøyra og Fure også, samt skifte ut gamle armaturar.

- Etablere/synleggjere fleire turvegar/turstiar

Evaluering: Det var forsøkt å synleggjere fleire eksisterande løyper rundt i Dale ved å skilte og samle dei i ei brosjyre. Var ikkje nokon stor suksess og prosjektet er avslutta. Dei ulike turgruppene i grendene jobbar godt med å rydde og merke både eksisterande og nye turstiar.

- Sette i gang haldningskampanjar lokalt for kvardagsmosjon

Evaluering: Sykle til jobben vart gjennomført i 2017-2019 som eit tilbod både til tilsette i Fjaler kommune, men også med gratis deltaking for alle som budde i Fjaler. Namnet på kampanjen var noko misvisande for det handla ikkje berre om å sykle til jobben – men om kvardagsmosjon. Aksjonen skapte stort engasjement på nokon arbeidsplassar – men vi var usikker på om det gjorde dei som var aktive frå før meir aktive eller om ein fekk nye grupper i aktivitet. Fjaler kommune er ikkje lenger med.

Kommunen har også vore engasjert i TiTur Dalsfjorden som har vore arrangert sidan 2017 i samarbeid med Askvoll kommune og turgruppene i begge kommunane. Dette har skapt stor engasjement og i 2020 fekk ein også med fleire barn og ungdom.

Det er fleire lågterskeltilbod rundt i bygdene – eit døme er onsdagsturen som går rundt Elvestien ein gong i veka.

- Jobbe for meir lyssetting Dingemoen-Håland

Evaluering: Dette er eit stort tiltak som heng saman med regional transportplan og lokal trafikktryggingsplan. Har vore lite bevegelse i denne saka.

9. KOMMUNEN SIN IDRETTS- OG FRILUFTSPOLITIKK

Måla som er utarbeidde til denne delen er bygd på kommuneplanen sin samfunnsdel:

Mål som følgjer denne planen:

Sikre at innbyggjarane i Fjaler kommune får gode tilhøve for friluftsliv og fysisk aktivitet slik at dei kan utvikle seg ut frå eigne interesser og førestnader, samt å motivere innbyggjarane til å vere fysisk aktive.

Delmål 1:

Utarbeide ein driftsmodell for drift av kommunale anlegg

Problemstilling er korleis få att mva på investering og samtidig ha ei berekraftig drift.

Korleis ivareta frivillig engasjement utan at kommunen må ta alle kostnadene – korleis skape vinn-vinn

Strategi:

Hente inn kunnskap og erfaringar frå andre kommunar, idrettslag m.m. – samt kvalitetssikre dette opp mot gjeldande reglar for mva.

| Tiltak: | Ansvarleg: | Kostnad: | Når: |
|---|---|-------------------------|-------------------------------|
| Sette ned ei nemnd som skal sjå på ulike driftsmodellar og vurdere dei. Samarbeide med Fjaler idrettsråd, Dale IL og Dingemoen idrettspark. | Kulturleiar i samarbeid med økonomisjef | Innafor dagens budsjett | I løpet av fyrste halvår 2022 |



Delmål 2:

Finne ein modell for korleis gje rom for frivillige aktørar å utvikle kommunale eigedomar

Strategi:

Ivareta frivillige initiativ samtidig som ein sikrar god kvalitet på utbygging og seinare drift.

| Tiltak: | Ansvarleg: | Kostnad: | Når: |
|--|---|--------------------------|-------------------------------|
| Finne ut kva anlegg kommunen skal ha ansvar for og kva for anlegg ein kan få hjelp av frivillige for å utvikle. Ofte kan dette vera i eit samarbeid. Døme på dette kan vera Badevika i Dale, uteplassen ved Straumsnes grendehus | Kulturleiar i samarbeid med økonomisjef | Innanfor dagens budsjett | I løpet av fyrste halvår 2022 |



Delmål 3:

Bidra til å utjamne skilnader som påverkar deltaking i fysisk aktivitet

Strategi:

Samarbeide på tvers av einingane i kommunen – og mellom kommunale, private og frivillige aktørar for å fange opp dei som treng spesiell tilrettelegging.

| Tiltak: | Ansvarleg: | Kostnad: | Når: |
|--|--|---|----------------|
| Tilrettelegge område og aktivitetar det ikkje kostar noko å bruke t.d. nærmiljøanlegg og naturbasert friluftsliv i nærmiljøa. Fokus på universell utforming. | Kulturleiar gjennom innspel og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Sikre areal i arealplanlegging. | Bør vera dekka av eksterne midlar som spelemidlar, søknad fond og dugnad. | Heile perioden |
| Drifte og utvikle Bua som utstyrssentral | Frivilligsentralen | Må inn driftskostandar i budsjett frå 2022 | Heile perioden |
| Vidareføre lågterskeltilbod som aktiv på dagtid, turgrupper. Fleire tilbod også i grendene. | Fysioterapitenesta ved Frisklivssentralen og frivillige aktørar | Innanfor dagens budsjett | Heile perioden |
| Søkje tilgjengelege midlar til transport, treningsavgift, utstyr og andre ting som kan vera barriere for å trenere. | Kulturleiar og folkehelsekoordinator | Følgje med på eksterne stønadsordningar. Vidareføre støtte på 20 000 som | Heile perioden |

| | | | |
|--|--|---|--|
| | | Fjaler kommune innførte i 2021 i kontigentstøtte. | |
|--|--|---|--|

Vi ser dette målet i samanheng med neste delmål.



Delmål 4:

Arbeide for at ungdom mellom 13 og 19 år framleis er fysisk aktive

Strategi:

Hindre fråfall i den organiserte idretten og ha gode alternativ for dei som likevel vel å ikkje vera med

| Tiltak: | Ansvarleg: | Kostnad: | Når: |
|---|---|---------------------------------|----------------|
| Jobbe for at denne gruppa får eit variert/mangfoldig tilbod om trening/aktivitet. Ha arenaer nok til at ein kan drive lågterskelaktivitet både innafor dei etablerte idrettane og nye. Døme på aktivitet som ikkje fins: E-sport, sjakk, turn, basket, klatring. | Kulturleiar og folkehelsekoordinator i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar | Finne eksterne søknadsordningar | Heile perioden |

Delmål 5:

Sikre høg kvalitet og fleksibilitet på eksisterande og nye anlegg slik at ein får langsigktig og variert bruk og fleire brukargrupper

Strategi:

Tenke heilskapleg ved etablering av nye anlegg. Etablere desse nær andre anlegg, busetnad og skule/barnehage. Sikre rehabilitering av eksisterande anlegg før ein investerer i nye. Sikre brukarmedverknad ved etablering av anlegg.

| Tiltak: | Ansvarleg: | Kostnad: | Når: |
|---|--|--|----------------|
| Sikre jamn og god vedlikehald av kommunale anlegg gjennom å etablere faste rutinar for tilsyn. Etablere leikeplasskontroll. Åreg gjennomgang Dingemoen idrettspark. | Kulturleiar og kommunalsjef oppvekst | Legg inn budsjett ved behov | Heile perioden |
| Sikre jamn og god vedlikehald av andre anlegg gjennom krav om plan for drift når ein skal sende inn spelemiddelsøknad | Kulturkontoret sjekkar søknadar | Ingen | Heile perioden |
| Sikre universell utforming på dei ulike arenaene | Anleggseigar, teknisk kontor, råd for menneske med nedsett funksjonsevne (høyring) | Må jobbast inn i budsjettet til anlegget | Heile perioden |



Delmål 6:

Legge til rette for kvardagsmosjon

Strategi:

Jobbe for at folk som har mogelegheit til å gå/sykle til og frå jobb, skule og fritidsaktivitetar og at folk har eit nærmiljø som er tilrettelagt for fysisk aktivitet.

| Tiltak: | Ansvarleg: | Kostnad: | Når: |
|---|---|-------------------------------------|----------------|
| Etablere samanhengande lyssette fortau, sykkel- og gangvegar | Må samordnast med Trafikktryggingsplan, arealplan, kommunedelplan Dale og områderegulering Dale | Bør få inn midlar til prosjektering | 2022 |
| Etablere/synleggjere turvegar/turstiar. Fokus på lågterskel/ godt tilrettelagde vegar nær der folk bur. | Kulturkontoret i samarbeid med frivillige lag | Innanfor dagens budsjett | Heile perioden |

| | | | |
|--------------|--|--------------------------|------|
| Stolpejakten | Folkehelsekoordinator i samarbeid med frivillige | Søkje eksterne midlar | 2022 |
|--------------|--|--------------------------|------|



Delmål 7:

Vidareutvikle friluftslivet på ein berekraftig og naturvennlig måte

Strategi:

Fjaler kommune skal vidareutvikle friluftslivet på ein berekraftig og naturvennlig måte ved å oppmøde til at Miljødirektoratet sin rettleiar «Naturvennlig tilrettelegging» vert lagt til grunn for vedlikehald og utvikling av friluftslivet, inkludert turstiar, turvegar og badestrender, for å sørge for så liten miljøpåkjenning og så små inngrep i naturmiljøet som mogleg.



10. MILJØVURDERING:

FN sine berekraftsmål:

FN sine berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for heile verda for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. Det er 17 mål med fleire undermål. Måla vert ofte delt inn i tre dimensjonar – sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

FN sine berekraftsmål ligg til grunn for alt arbeidet vi gjer. Vi ynskjer å fokusere på berekraftig anleggsutvikling både i høve til nybygg, rehabilitering, drift og vedlikehald av anlegg. Sjå også berekraftsmåla under dei ulike delmåla.

Vestland fylkeskommune har signert ein 4-årig samarbeidsavtale 11. juni 2021 med Vestland idrettskrets om berekraftig anleggsutvikling som gjeld frå 2021-2024 som også vil ligge som grunn for vårt arbeid:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry>ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=378099&documentId=630963>



Vurdering av kunstgrasbaner med plastholdig løst fyllmateriale:

Regjeringa vedtok 8. april 2021 «Forskrift om endring i forskrift om begrensning av forurensning (utforming og drift av idrettsbaner der det brukes plastholdig løst fyllmateriale)». Det nye kapittelet 23A i forurensningsforskrifta gjeld frå 1. juli 2021.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/210ef58fa037438ab9b4cf72a45d8942/kap-23a-i-forurensningsforskriften.pdf>

Kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er beden om å vurdere følgjande:

Kommunedelplanen skal følge opp kommunestyrevedtak KOM 099/20 om kunstgrasbaner med plastholdig laust fyllmateriale, der det vart vedteke at «eventuelle strengare krav enn forskrifta bør vurderast i samband med revisjon av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet som er planlagt i 2021.»

Vurdering: Vi kjem foreløpig ikkje til å legge opp til strengare krav enn forskrifta. Vert vurdert grundigare i Klima og miljøplanen som skal utarbeidast i 2022.

Anleggsutbygging:

Når det gjeld realisering av anlegg har det vore stor aktivitet – og denne aktiviteten er målbar og synleg. Ein har i denne perioden realisert 11 nærmiljøanlegg og rehabiliterert eitt. I tillegg er det bygd 7 nye ordinære anlegg og rehabiliterert 4 anlegg. Sjå liste litt lenger nede i kapittelet.

Ordinære anlegg:

REALISERT:

Opprinnelige plan:

| | Anlegg | Stad | Utbyggar | Spelemidlar |
|---|--|-------------------------|-----------------|-------------|
| 1 | Rehabilitering klubbhus | Stavsdalen | Dale skyttarlag | 2017 |
| 2 | Nye lys | Fjalerhallen | Fjaler kommune | 2018 |
| 3 | Fotballbane (90x50m) | Våge stadion | Fjaler kommune | 2019 |
| 4 | Miniatyrskytebane med lager og klubblokale | Tilbygg Fjalerhallen | Fjaler kommune | 2021 |

Rullert inn seinare:

| | Anlegg | Stad | Utbyggar | Spelemidlar |
|----|----------------------------|-------------------------|-----------------------|---------------------------|
| 5 | Aktivitetsrom/dansesal | Tilbygg Fjalerhallen | Fjaler kommune | 2021 |
| 6 | Rehabilitering ventilasjon | Fjalerhallen | Fjaler kommune | 2019 |
| 7 | Dagsturhytte Vidsyn | Bygdeheia | Fjaler kommune | 2020 |
| 8 | Fotballhall | Dingemoen | Dingemoen Arena AS | Godkjent – venter i kø |
| 9 | Idrettshall | Dingemoen skule | Fjaler kommune | Godkjent – venter i kø |
| 10 | Trimrom | Våge | Fure idrettslag | Godkjent – venter i kø |
| 11 | Rehabilitering lys | Dingemoen stadion | Fjaler kommune | Godkjent – venter i kø |

IKKJE REALISERT:

7. Sosialt rom Fjalerhallen (rullert inn i 2018)
8. Kubbhus/verkstad/garasje/sanitæreranlegg på motorsportanlegg Dingemoen (rullert inn i 2018)
9. Sanitæreranlegg for utandørsanlegg på Arena Dingemoen (rullert inn i 2018)

Nærmiljøanlegg:**REALISERT:***Opprinnelig plan:*

| | Anlegg | Stad | Utbyggar | Fått spelemidlar |
|---|-------------------------|---------------------|-----------------|-------------------------|
| 1 | Klatrepark | Parken i Dale | Fjaler kommune | 2017 |
| 2 | Rehabilitering sandbane | Våge skule | Fure idrettslag | 2017 |
| 3 | Løpebane/ lengdegrop | Fjaler ungdomsskule | Fjaler kommune | 2017 |

Rullert inn i perioden:

| | Anlegg | Stad | Utbyggar | Fått spelemidlar |
|----|-------------------------------|-------------------------|------------------|-------------------------|
| 4 | Tursti Flekke - Longevatna | Flekke - Longevatna | Svint idrettslag | 2018 |
| 5 | Hinderløype | Dingemoen skule | Fjaler kommune | Godkjent – venter i kø |
| 6 | Løype for klatring og balanse | Dingemoen skule | Fjaler kommune | Godkjent – venter i kø |
| 7 | Basketbane | Dingemoen skule | Fjaler kommune | Godkjent – venter i kø |
| 8 | Fotballbane 20x40 m kunstgras | Dingemoen skule | Fjaler kommune | Godkjent – venter i kø |
| 9 | Sykkelveg med farga asfalt | Dingemoen skule | Fjaler kommune | Godkjent – venter i kø |
| 10 | Ballbinge 10x15 meter | Dingemoen skule | Fjaler kommune | Godkjent – venter i kø |
| 11 | Fotballbane 30x50 m kunstgras | Dingemoen skule | Fjaler kommune | Godkjent – venter i kø |
| 12 | Gangveg med lys | Jarstadbrua - Dingemoen | Fjaler kommune | Godkjent – venter i kø |

IKKJE REALISERT:

- Klatrepark Våge skule
-

11. FORHOLD TIL ANDRE DELER AV KOMMUNEPLANEN

Vi må sikre at tiltak vert fulgt opp i økonomiplanen og i arealdelen til kommuneplanen.

12. PLANPROSESSEN

Fjaler kommunestyre vedtok 18.02.21 oppstart av revidering av Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Det vart utarbeida eit planprogram som har vore til offentleg ettersyn.

Kommunedirektøren sette ned følgande tverrfaglege arbeidsgruppe: Kommunalsjef oppvekst Ingvard Flekke, barnerepresentant Gro Rysjedal, planleggar teknisk kontor Nina Hjartholm, sekretær Råd for menneske med nedsett funksjonsevne Malene Solheim og kultursjef Ingeborg Opdøl Tysnes. Det har vore 4 møte i gruppa.

Ein har følgt oppsett arbeidsplan.

Sjølve planen låg til høyring 27. september-8. november 2021. Alle innspela som har kome inn i begge høyringsrundene er lagt inn i eit eige innspelsdokument som ligg ved.

Det har ikkje vore arrangert opne innspelsmøte.

Planen skal politisk behandlast i formannskapet 2. desember og kommunestyret 16. desember.

13. SKILDRING AV NOSITUASJONEN FOR KOMMUNEN


Oversyn over idretts-/fritidstilbod:

Idrettslag:

Fjaler kommune har 7 ulike idrettslag. Fjaler idrettsråd er felles talerør for desse organisasjonane.

1. Dale idrettslag
2. Svint idrettslag:
3. Fure idrettslag
4. Hellevik idrettslag
5. Fjaler motorsportklubb
6. Fjaler symjeklubb
7. Korssund dykkekubb

| Medlemstal | | | | | |
|-----------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| IR1429 Fjaler Idrettsråd | 1480 | 1598 | 1430 | 1144 | 1118 |
| Dale IL | 919 | 870 | 724 | 621 | 645 |
| Fjaler Motorsportklubb | 52 | 29 | 61 | 44 | 32 |
| Fjaler Symjeklubb | 88 | 140 | 99 | 80 | 76 |
| Fure IL | 175 | 261 | 259 | 98 | 133 |
| Hellevik IL | 103 | 112 | 104 | 116 | 110 |
| Korssund Dykkekklubb | | 16 | 14 | 14 | 6 |
| Svint IL | 143 | 170 | 169 | 171 | 116 |
| Folketal | 2862 | 2846 | 2770 | 2802 | 2885 |
| Medlemstal i % av folketal | 51,7 % | 56,1 % | 51,6 % | 40,8 % | 38,8 % |



| Aktivitetstal | | | | | |
|---------------------------------|--------------|--------------|-------------|-------------|-------------|
| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| IR1429 Fjaler Idrettsråd | 1 179 | 1 110 | 930 | 775 | 940 |
| Dale IL | 961 | 847 | 687 | 576 | 693 |
| Fjaler Motorsportklubb | 37 | 20 | 37 | 23 | 21 |
| Fjaler Symjeklubb | 88 | 140 | 99 | 80 | 76 |
| Fure IL | 70 | 59 | 69 | 58 | 133 |
| Hellevik IL | | | | | |
| Korssund Dykkekklubb | 0 | 16 | 14 | 14 | 6 |
| Svint IL | 23 | 28 | 24 | 24 | 11 |

| | Aktivitetstal | | | | |
|---------------------------------|----------------------|--------------|-------------|-------------|-------------|
| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| IR1429 Fjaler Idrettsråd | 1 179 | 1 110 | 930 | 775 | 940 |
| Fotball | 427 | 465 | 445 | 316 | 433 |
| Handball | 179 | 205 | 199 | 210 | 214 |
| Symjing | 88 | 140 | 99 | 80 | 76 |
| Sykkel | 47 | 49 | 41 | 24 | 39 |
| Motorsport | 37 | 20 | 37 | 23 | 21 |
| Badminton | 27 | 46 | 33 | 27 | 26 |
| Volleyball | 64 | 82 | 26 | 11 | 11 |
| Friidrett | 222 | 29 | 25 | 66 | 59 |
| Dykking | | 16 | 14 | 14 | 6 |
| Ski | 87 | 56 | 10 | 3 | 54 |
| Klatring | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Vektløfting | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |

Kjelde: NIF si idrettsregistering, presentert av Sogn og Fjordane idrettskrets.

Ein ser av tala at medlemstal har gått mykje ned. Dette har nok samanheng med overgang til elektronisk registrering som gjev betre kontroll. Nokon aktivitetstal har gått drastisk ned. Når det gjeld friidrett så trur vi at det er fordi for eksempel alltrenings og trim har blitt ført på denne gruppa. Aktivitetstal for volleyball var nok kunstig høgt tidleg i perioden og skuldast nok feilrapportering.

I tillegg har skyttarlag, Barnas turlag, Torsdagsdansen og seniordansen, dans gjennom kulturskulen, barneleikarring. Det finns også andre frivillige organisasjonar som tilrettelegg for friluftsliv og fysisk aktivitet.

BUA FJALER

Gratis utlånsordning av fritidsutstyr for sommar og vinterbruk. Opna mars 2019 og er no ein av rundt 150 ordningar i landet. Fjaler har to avdelingar på Samvirket, ein på baksida mot parken og ei oppe på kontoret til Frivilligsentralen. BUA er eit samarbeid mellom folkehelsekoordinatoren, kultursjefen og frivilligsentralen som har det daglege driftsansvaret. www.bua.io

Bruk og utlån har vore varierande etter årstid, og vi ser at tilbodet vert nytta av alle delar av folket, bortsett frå dei eldste. Statistikk 2020: 234 lånarar (57 nye), totalt utstyr 616, totale utlån 662, utlånt utstyr 871.

Opningstid er når kontoret er bemanna og elles ein til to ettermiddagar i veka og av og til ein laurdag ved spesielle høve. PS Er du registrert som BUA-lånar, kan du låne kor hen du er i landet. Tilbodet vert midlertidig flytta bort på Fjaler ungdomsskule i perioden

(SEMI) -KOMMERSIELLE TILBOD

SAMSPEL – Naturbasert trening og kosthaldsveiledning. Trening ulike stader i kommunen fleire gongar i veka.

<http://samspelnat.wix.com/samspel#!home/mainPage>

Yoga – Lesley Robertson – now yoga og ernæring. Trening Flekke, Dale og Haugland fleire gonger i veka.

<http://lesleyrobertson.wix.com/howyogaogernaering>

Bading på Haugland – offentleg bading fredag og laurdag. Fysvass ein gong i veka. Midlertidig stengt grunna korona.

<https://www.rkhr.no/framsida/badeland/>

Treningsenteret på Haugland. Må vera medlem av Svint IL for å bruke dette. Er drive av Røde kors Haugland rehabiliteringssenter.

<https://www.rkhr.no/framsida/badeland/tilbud/styrkerom/>

Oversikt over eksisterande anlegg:

Sjå www.anleggsregisteret.no

14. VURDERING AV AKTIVITET OG FRAMTIDIGE BEHOV

Fjaler har mange tilbod innan organisert idrett – og har mange idrettslag som på mange måtar utfyller kvarandre. Det er desidert størst aktivitet knytt til Dale idrettslag. I tillegg har vi ungdomslag, revmatikarlag og andre som organiserer aktivitetar innan fysisk aktivitet for fleire grupper. Som oversikta over nosituasjonen viser så har det kome fleire semikommersielle tilbod siste åra– noko som gjev eit mangfold av aktivitet særleg for vaksne (yoga, styrketrening m.m.)

Det har i mange år vore tilgjengelege lokale som har sett stoppar for utviding av nye tilbod for aktivitet. Etter etablering av dansesal, ny hall ved Dingemoen skule og fotballhall så vil utfordringa i større grad gå mot koordinering av tilbod - slik at dei ulike tilboda ikkje øydelegg for kvarandre. Fjaler idrettsråd vil ta eit ansvar her for å koordinere aktivitet.

Vi ser at vi manglar nokre tilbod innanfor det organiserte friluftslivet. Det vart for ein del år sidan rydda meir enn 20 stiar i heile kommunen – og mange grendelag og idrettslag gjer ein god jobb i å utvikle nye stiar og halde dei eksisterande vedlike. Ein samarbeider godt over kommunegrensene når det gjeld turstiar med m.a. TiTur Dalsfjorden som er eit samarbeid mellom Fjaler og Askvoll.

Det er tilbod innan idrett som t.d E-sport, turn, klatring og basket. Vi kunne også ha tenkt oss fleire lågterskel-tilbod som open hall og liknande. Erfaring viser at ein er avhengig av frivillig initiativ for å få nye aktivitetar i gang – og med med den gode anleggssituasjonen vi vil ha framover så kan det også vera rom for nye aktivitetar.

15. HANDLINGSPROGRAM FOR ANLEGG OG PLANLAGT GJENNOMFØRING

Handlingsdelen av kommuneplanen skal rullerast årleg. Ved den årlege rulleringa skal kommunen hente inn synspunkt frå berørte statlege og regionale organ og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltak i handlingsdelen.

Det må i forarbeidet avklarast kven som skal stå for dei evt. utbygginga, sikre ei god driftsform og sikre at området fungerer som ein heilskap for flest mogeleg.

Vedlegg 1.

Handlingsprogram for anlegg

16. LANGSTIKTIG DEL

Vedlegg 2.

Program for uprioriterte anlegg